

Skattereglar

Skattefrie småjobbar – 6 000-kronersregelen

Dersom du som oppdragsgjevar betalar ut inntil 6 000 kroner per år i løn til ein person, så er dette skattefritt og skal heller ikkje rapporterast inn dersom desse vilkåra er oppfylt:

- Arbeidet skjer i eller tilknytning til din (oppdragsgjevars) heim eller fritidsbustad (til dømes: husarbeid, grasklipping, hagearbeid, reingjering m.m).
- Personen som utfører arbeidet er ein privatperson, som ikkje driv eige firma innan same bransje som jobben gjeld.
- Inntekta er ikkje skattepliktig for den som utfører arbeidet, og skal ikkje opplysast i skattemeldinga.
- For meir informasjon sjå [Opptil 6 000 kroner i året er skattefritt - Skatteetaten](#)

Småjobbar som overstig 6 000 kr per år per lønsmottakar

Dersom du som oppdragsgjevar betalar over 6 000 kroner per år i løn til ein person, så gjeld følgjande:

- Du må som oppdragsgjevar må sende inn forenkla a-melding til Skatteetaten [Forenklet a-melding for lønnet arbeid i hjemmet - Skatteetaten](#)
- Du må berekne og trekke skatt, og betale skattetrekket til Skatteetaten
- Du skal ikkje betale arbeidsgjevaravgift av utbetalt løn. Sjå [Lønn betalt under 60 000 - Skatteetaten](#)
- Personen som utfører arbeidet skal føre inntekta i skattemeldinga under «Løn og tilsvarende ytingar – Annan arbeidsinntekt»

Jobbar som overstig 60 000 kr per år per oppdragsgjevar

Dersom du som oppdragsgjevar betalar over 60 000 kroner per år i løn til ein person, så gjeld følgjande:

- Du som oppdragsgjevar må sende inn a-melding til Skatteetaten [A-melding - Direkte levering - Skatteetaten](#)
- Du må berekne og trekke skatt, og betale skattetrekket til Skatteetaten
- Du må betale arbeidsgjevaravgift for heile beløpet
- Personen som utfører arbeidet skal føre inntekta i skattemeldinga under «Løn og tilsvarende ytingar – Annan arbeidsinntekt»

For meir informasjon om skattereglar sjå: [Person - Skatteetaten](#)